



© Håkon Gullvåg

# Vigsling av Ragnhild Jepsen til biskop i Bjørgvin bispedøme

**BERGEN DOMKIRKE**  
16. april 2023

## VELKOMEN TIL VIGSLINGSGUDSTENESTE!

Me ber om stille i kyrkjerommet medan klokken ringjer, og mobiltelefonar bør få ein pause under gudstenesta.

Det er nødutgangar bak, midt på høgre side av kyrkjeskipet, og framme i kyrkja.

Ved ei eventuell evakuering ber me alle følgja beskjedar frå vaktene.

Det er teleslynge i domkyrkja.

Toaletta er dessverre ikkje tilgjengelege under gudstenesta.

Nattverden blir delt ut ved fire stasjonar i kyrkjeskipet. Alle som sit på rad 3-14 nyttar nattverdsstasjonane ved rad 3. Rad 15 og bakover går til stasjonane bak i kyrkja. Dette gjeld både i midtgangen og sidegangen.

Nattverdsbrødet er glutenfritt og vinen er alkoholfri.

I gudstenesteprogrammet står det når kyrkjelyden reiser seg.

Den som har behov for å sitja under gudstenesta kan sjølv sagt gjera det.

Gudstenesta blir strøymd på nettsida [www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin).

Alle blir verande i kyrkja til H.M. Kongen har reist.

Det blir gitt teikn når ein kan gå ut.

## Informasjon før gudstenesta

**H.M. Kongen kjem til domkyrkja** (*vi reiser oss*)

*3 klokkeslag*

**INNGANGSPROSESJON** (*vi står*)

**INNGANGSSALME N13 nr 197**

**«Deg være ære»**

T: 1885 Edmond L. Budry  
O: 1947 Arne Fjelberg

M: 1746 G.Fr. Händel

© O: Norsk Musikforlag A/S, Oslo

*1 Deg være ære,  
Herre over dødens makt!  
Ewig skal døden være  
Kristus underlagt.  
Lyset fyller haven,  
se, en engel kom,  
åpnet den stengte graven,  
Jesu grav er tom!*

Omkved  
*Deg være ære,  
Herre over dødens makt!  
Ewig skal døden være  
Kristus underlagt.*

*2 Se, Herren lever!  
Salig morgenstund!  
Mørkets makter bever.  
Trygg er troens grunn.  
Jubelropet runger:  
Frelseren er her!  
Pris ham, alle tunger,  
Kristus Herre er!*

(Omkved)

*3 Frykt ikke mere!  
Ewig er han med.  
Troens øye ser det:  
Han gir liv og fred.  
Kristi navn er ære,  
seier er hans vei,  
evig skal han regjere,  
aldri frykter jeg.*

(Omkved)

## INNGANGSORD

*L | Kristus er oppstanden!*

*K | Ja, han er sanneleg oppstanden!*

## SAMLINGSBØN

## KYRIE, GLORIA OG LAUDAMUS

*ML* | Kyrie eleison.

A musical score for Kyrie eleison. It consists of a single staff in G major (two sharps) and common time. The melody begins with a quarter note followed by an eighth note, a sixteenth note, and another sixteenth note. This pattern repeats three times. The lyrics "Ky - ri - e" are written below the first group of notes, and "e - le - i - son." are written below the second group.


ML | Kriste eleison.

A musical score for a single melodic line. The key signature is C major (no sharps or flats). The time signature is common time (indicated by a 'C'). The melody consists of six notes: a quarter note on G, followed by a half note on A, a dotted half note on B, a quarter note on C, a quarter note on D, and a half note on E. The lyrics "Kris - te e - lei - son." are written below the notes.

*ML* | Kyrie eleison.

A musical score for a single melodic line. The key signature is A major (two sharps). The time signature is common time. The melody consists of eighth and sixteenth notes. The lyrics "Ky - ri - e" and "e - le - i - son." are written below the notes.

L/ML | Ære vere Gud i det høgste.

K | 

*ML | Vi hyllar deg for din store herlegdom, Herre Gud, himmelske konge, allmektige Fader.*

*K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphogjer deg.*

ML | Herre, Guds einborne Son,

Jesus Kristus, Guds Lam som ber all verdens synder, miskunna deg over oss. Du som sit ved Faderens høgre hand, hør vår bøn.

*K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphogjer deg.*

*ML | For einast du er heilag. Einast du er Herre. Einast du er Den høgste, Jesus Kristus, med Den heilage ande i Faderens herlegdom.*

*K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphogjer deg.*

A musical score for soprano voice. It features a treble clef, a key signature of one sharp, and a common time signature. The vocal line consists of three notes: a long note on A, followed by a short note on B (with a fermata), and a short note on C. Below the staff, the lyrics "A - men." are written.

## Vigsling av Ragnhild Jepsen til biskop

## **FRAMSTILLING OG BØN**

Leiar i Bjørgvin bispedømeråd, Vemund Atle Øiestad

## TEKSTLESEG OG VIGSLINGSSALME

Matt 28,18–20

Det står skrive hjå evangelisten Matteus i 28. kapitlet:  
Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

SALME N13 nr 512

## «Kom Ande med di skaparmakt» v 1–2

*Kom, Ande med di skaparmakt,  
og reis det synd har øydelagt,  
og fred og fryd i nåde giv  
kvart hjarta du har vakt til liv!*

T: Hrabanus Maurus (d.856)  
O: 1855 M.B. Landstad, 1903 Matias Skard,  
1524 Martin Luther, 1862 Lars Jacobsen Hætta  
og J. A. Friis, 1989 Kurt Tore Andersen  
M: Omkr 1000/Erfurt 1524/Wittenberg 1533

*Kom du, den sanne trøystarmann,  
du gāve frå Guds eiga hand,  
du livsens brunn og kjærleiks vell,  
du salve mild og himmeled!*

### **1.Kor 15,1–11 – Gisli Gunnarsson (på islandsk)**

Det står skrive i Paulus fyrste brev til kyrkjelyden i Korint i det 15. kapitlet:  
 Eg kunngjer dykk, sysken, det evangeliet som eg forkynte dykk, som  
 de òg tok imot, som de òg står støe i. Ved det blir de frelse, så sant de  
 held fast på ordet slik eg forkynte det for dykk; elles blir det til inga nytte  
 at de kom til trua. For først og fremst overgav eg til dykk det som eg  
 sjølv hadde motteke, at Kristus døydde for syndene våre, som skriftene  
 har sagt, at han vart gravlagd, at han stod opp att tredje dagen, som  
 skriftene har sagt, og at han synte seg for Kefas og deretter for dei tolv.

Så synte han seg for meir enn fem hundre sysken på ein gong. Dei  
 fleste av dei lever enno, men nokre har sovna inn. Sidan synte han seg  
 for Jakob, så for alle apostlane. Og aller sist synte han seg òg for meg,  
 eg som berre er eit ufullbore foster. For eg er den minste av apostlane;  
 eg er ikkje verdig til å kallast apostel, for eg har forfølgt Guds kyrkje.  
 Men av Guds nåde er eg det eg er, og hans nåde mot meg har ikkje  
 vore bortkasta. For eg har arbeidd meir enn dei alle, det vil seia, ikkje  
 eg, men Guds nåde som er med meg. Anten det no er eg eller dei andre  
 – dette forkynner vi, og dette har de teke imot i tru.

### **SALME N13 nr 512 «Kom Ande med di skaparmakt» v 3–4**

*Du sjufelt rike gáver ber,  
 du krafta av Guds høgre er  
 og tyder grant hans lovnadsord  
 på modersmålet rundt om jord!*

*Kveik ljøset ditt i vår forstand  
 og i vårt hjarta kjærleiks brann,  
 til vanmakt vår og vesaldom  
 med heilag hjartestyrking kom!*

### **Titus 1,7–9 – Christopher Chessun (på engelsk)**

Det står skrive i Paulus' brev til Titus i det 1. kapitlet:

For ein tilsynsmann er Guds hushaldar, og det må ikkje vera noko å  
 seia på han. Han må ikkje vera eigenrådig, bråsint, driffeldig eller  
 hardhendt og ikkje ute etter skammeleg vinning. Men han skal vera  
 gjestfri og ha kjærleik til det gode, vera forstandig og rettferdig, ha  
 ærefrykt for Gud og ha herredøme over seg sjølv. Han må halda seg  
 til det truverdige ordet i samsvar med læra, så han er skikka til både å  
 rettleia etter den sunne læra og å visa at dei som talar imot, tek feil.

### **SALME N13 nr 512 «Kom Ande med di skaparmakt» v 5–6**

*Vår sjelefiend frå oss driv,  
 og lys din fred om alt vårt liv,  
 og ver vår førar og vår vakt  
 i all vår strid mot mørkheims makt!*

*Lys opp for oss, så klårt vi må  
 Gud Fader og Guds Son få sjå,  
 og deg som frå dei både er,  
 i hjartans tru få evig kjær!*

### **1 Peter 5,1–4 – Tuulikki Koivunen Bylund (på svensk)**

Det står skrive i Peters fyrste brev i det 5.kapitlet:

Dei eldste mellom dykk legg eg dette på hjartet, eg som sjølv er ein  
 eldste og eit vitne om Kristi lidingar og har del i den herlegdomen som  
 skal openberrast: Ver hyrdingar for den Guds flokk som er hos dykk! Ha  
 tilsyn med flokken, ikkje av tvang, men av fri vilje, så som Gud vil, ikkje for  
 vinning skuld, men av hjartet. Gjer dykk ikkje til herrar over dei som Gud  
 har gjeve dykk ansvar for, men ver eit føredøme for flokken. Og når den  
 høgste hyrdingen openberrar seg, skal de få den uvisnelege sigerskransen.

### **SALME N13 nr 512 «Kom Ande med di skaparmakt» v 7**

*Ver lova, Gud, vår Fader god.  
 Guds Son, som opp frå døde stod,  
 og trøystaren, Guds Ande blid,  
 høglova ver til evig tid!*

### **VIGSLINGSTALE**

### **FORMANING OG LOVNAD**

### **HANDSPÅLEGGING OG BØN**

### **TRUVEDKJENNING**

Nicaenum N13 nr 979.2

*L | Lat oss vedkjennast vår heilage tru.*

*ML | Vi trur på éin Gud, den allmektige Far, som har skapt himmel og  
 jord, alt synleg og usynleg.*

K | 

Vi trur på éin Her-re, Je-sus Kris-tus, Guds ein-bor-ne Son,  
fødd av Fa-de-re-n før al-le-ti-der.

ML | Gud av Gud, Ijos av Ijos, sann Gud av sann Gud,

K | 

fødd, ik-kje skapt, av sa-me ve-sen som Fa-de-ren.  
Ved han er alt skapt.

ML | For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen,

K | 

og ved Den heilage ande og av Ma-ri-a móy vart han  
men-nes-ke av kjøt og blod.

ML | Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus, leid og vart  
gravlagd,

K | 


stod opp tred-je dag-en et-ter Skrif-te-ne og fór  
opp til him-me-len, sit ved høg-re han-da åt Fa-de-ren,

ML | skal koma att i herlegdom og døma levande og døde, og hans rike  
skal vera utan ende.

K | 

Vi trur på Den hei-la-ge an-de, som er Her-re  
og gjer le-van-de, som går ut fra Fa-de-ren og So-nen,

ML | som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen, og som  
har tala gjennom profetane.

K | 

Vi trur på éi heilag, allmenn og apo-sto-lisk kyr-kje.

ML | Vi vedkjennest ein dåp til forlating for syndene

K | 

og ser fram til opp-sto-da av dei dø-de og eit liv  
i den kom-man-de ver-da. A-men.

### HALLELUJAOMKVEDE

N13 nr 945

*Du åleine har namnet Herre,  
Den Høgaste over jorda.  
Halleluja, halleluja, halleluja!*

T: Sal 83,19  
M: 1974 Trond H.F. Kverno  
© M: Norsk Musikforlag A/S, Oslo

## EVANGELIEPROSESJON

### Evangeliet: Joh 21,1–14

Sidan openberra Jesus seg endå ein gong for læresveinane; det var ved Tiberiassjøen, og det gjekk slik til: Simon Peter, Tomas, som vart kalla Tvillingen, Natanael frå Kana i Galilea, Sebedeus-sønene og to andre av læresveinane hans var saman der. Simon Peter seier til dei andre: «Eg vil ut og fiska.» «Vi blir med deg, vi òg», sa dei. Så gjekk dei av stad og steig i båten, men den natta fekk dei ikkje noko.

Då det tok til å lysna av dag, stod Jesus på stranda, men læresveinane visste ikkje at det var han. Jesus sa til dei: «Har de ikkje noko å eta, borna mine?» «Nei», svara dei. «Kast garnet på høgre sida av båten, så skal de få», sa han. Dei kasta garnet, og då greidde dei ikkje å dra det opp, så mykje fisk hadde dei fått. Den læresveinen som Jesus hadde kjær, sa til Peter: «Det er Herren.» Då Simon Peter høyrdet at det var Herren, batt han kappa om seg – den hadde han teke av – og hoppa i sjøen. Dei andre læresveinane kom med båten og drog garnet med fisken etter seg. Dei var ikkje langt frå land, berre omkring to hundre alner.

Då dei kom i land, fekk dei sjå eit bål der, og det låg fisk og brød på glørne. «Kom hit med noko av den fisken de fekk», sa Jesus til dei. Simon Peter gjekk då ut i båten og drog garnet på land. Det var fullt av store fiskar, eitt hundre og femtitre i alt. Men endå det var så mange, rivna ikkje garnet. Jesus sa til dei: «Kom og få mat!» Ingen av læresveinane våga å spørja han: «Kven er du?» Dei visste at det var Herren. Då gjekk Jesus fram, tok brødet og gav dei, og det same gjorde han med fisken.

Dette var tredje gongen Jesus openberra seg for læresveinane etter at han hadde stått opp frå dei døde.

## PREIKE

### «Sunniva kongsdotter – Hymne til biskopen i Bjørgvin»

Tingingsverk av komponist Knut Vaage. Urframføring  
(Bergen Domkor og medvirkande musikarar)

## SYNDSVEDKJENNING

*L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.*

*K | Gud, ver meg nådig!*

*Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte, og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.*

## LØFTESORD

### FORBØN

*ML | For di kyrkje på jorda, for fellesskap mellom dei truande og framgang for evangeliet i heile verda bed vi deg, Gud.*

*Siste gong:*

Her - re, høyr vår bøn. A - men.

*ML – Sara Ellen Anne Eira (Samisk) | For di kyrkje i landet vårt, for biskopen vår og kyrkjelydane våre, for alle dine tenrar og medarbeidarar bed vi deg, Gud.*

*K | Herre, høyr vår bøn!*

*ML – Milaidis Herrera Hechavarria (Spansk) | Om vekst i trua gjennom Ord og sakrament, om truskap i bøna, om tolmod og glede bed vi deg, Gud.*

*K | Herre, høyr vår bøn!*

*ML – Munib Younan (Arabisk) | Om fridom og fred i verda, om brød til dei som svelt, om rettferd for flyktningar og forfølgde, og om fellesskap over grensene bed vi deg, Gud.*

*K | Herre, høyr vår bøn!*

*ML | For vår konge og hans hus, for alle som har leiaransvar mellom oss, bed vi deg, Gud.*

*K | Herre, høyr vår bøn!*

*ML | For alle sjuke og nedbrotne, for einsame og forlatne, for alle i freisting og fare bed vi deg, Gud.*

*K | Herre, høyr vår bøn!*

*ML | Om ditt nærvær i all naud, om kraft til å tena og til ein gong å nå det evigelivet bed vi deg, Gud.*

*K | Herre, høyr vår bøn! Amen*

## TAKKOFFER

Dagens offerformål: Ung Katedral – arbeidet i St Jakob kyrkje.

Bruk VIPPS. IDnr: Domkirken offer 60559

## SALME før nattverd

### N13 615 «Vi bærer mange med oss»

1 *Vi bærer mange med oss  
i dag når vi går frem.  
Hva Kristus gav og gir oss,  
er også gitt for dem.  
Du dekker bord for alle,  
her er de døptes hjem,  
vi bærer mange med oss,  
o Gud, vi ber for dem.*

2 *Vi ber for dem vi savner  
mens vi er samlet her,  
for dem som går i uro  
i twilens vind og vær,  
for dem som vi har såret  
og drevet bort fra deg,  
for dem som høster smerte  
av våre ja og nei.*

3 *Vi ber deg for de mange  
som kjenner andres dom,  
for dem som vi har sviktet  
og ikke brydd oss om.  
Vi ber deg, Gud, om nåde,  
vi ber i manges sted:  
Gi at vi bringer med oss  
velsignelse og fred.*

T: 1977 Svein Ellingsen  
M: 1977 Bedrich Janaček  
© T: Norsk Musikforlag A/S, Oslo  
© M: Fredrik Janacek

## TAKKEBØN

L | Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne.

K | Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

## PREFASJONSDIALOG

L | Herren vere med dykk.

K |   
Og med deg ve - re Her - ren.

L | Lyft dykker hjarte.

K |   
Vi lyf - ter vå - re hjar - te til Her - ren.

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

K |   
Det er ver - dig og rett.

## PREFASJON

## SANCTUS

  
Hei - lag, hei - lag, hei - lag er Her -  
ren Se - ba - ot. All jor - da er full av din  
her - leg-dom. Ho - si - an - na i det høg - ste.  
Vel - sig - na ve - re han som kjem i Her - rens namn.  
Ho - si - an - na, ho - si - an - na i det høg - ste.

## NATTVERDSBØN OG INNSTIFTINGSORD

### MYSTERIET I TRUA

*L* | Mysteriet i trua er stort.

*K* | Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att. Han vere  
ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

### HERRENS BØN

N13 985.2

Vår Far i him-me-len! Lat nam-net ditt hel - gast.  
Lat ri - ket ditt ko - ma. Lat vil -jen din  
rå - da på jor - da slik som i him - me - len.

Gjev oss i dag vårt dag-le - ge brød, og til - gjev oss vår  
skuld, slik vi òg til - gjev vå - re skuld-na - rar. Og  
lat oss ik - kje ko - ma i frei - sting, men frels oss  
fra det von - de. For ri - ket er ditt og mak - ta og  
æ - ra i all æ - ve. A - men.

## FREDSHELSING Pax

L | Guds fred vere med dykk.  
K | Guds fred vere med deg.

## DU GUDS LAM – Agnus Dei

Du Guds Lam, som ber all verd-sens syn -  
der, mis - kun - na deg o - ver oss. Du Guds  
Lam, som ber all verd-sens syn - der, mis -  
kun - na deg o - ver oss. Du Guds Lam, som  
ber all verd-sens syn - der, gjev oss din fred.

## NATTVERDMÅLTIDET

### «Ave Verum Corpus»

Sigurd Melvær Øgaard  
(Bergen Domkor)

### «Jubilate Deo»

Kanon etter Michael Praetorius  
(Bergen Domkirkes Jentekor)

## SALME N13 nr 198 «Ljos over grav»

T: 1890 Elias Blix  
M: 1871 Ludvig M. Lindeman

- 1 *Ljos over grav som oss livsvoni gav,  
rann med Guds Son ifrå daude.  
Solrenning klår som den venaste vår  
steig over gravstader aude.  
Ljøset og livet for alle mann  
strålannde opp med vår Frelsar rann.*
- 4 *Menneskeson, du til levande von  
ved di oppreising oss fødde!  
Liv gjennom grav ved din daude du gav,  
då for oss alle du blødde.  
Alle som levande på deg tru,  
døyande skal i ditt ljøs få bu.*
- 5 *Troyst i vår trong som ein sumar med song  
ut frå din gravstad lat lysa!  
Ævelivs von gjennom trengsle og tjon  
lat dine truande hysa!  
Så me alt her uti daudens land  
smakar den sæla du til oss vann.*
- 6 *Ljos over grav, fall som solskin på hav,  
når me frå verdi skal fara!  
Lys oss i land til den livsæle strand,  
fram til det liv som skal vara,  
så me ved ljøset frå påskedag  
sæle kan leva i englelag!*

## ETTER UTDELINGA

L | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin  
kropp og sitt blod som han gav til soning for alle våre synder.  
K | Han styrke oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evigelivet.  
L | Fred vere med dykk.

## TAKKEBØN

L | Vi takkar deg, visdoms Gud, for den djupe løyndomen i ditt måltid:  
Brødet vi har brote, er eitt. Son din har gjeve sitt liv for éi verd og  
éi menneskeslekt.  
K | Vi bed deg: Hjelp oss å høyra det ropet du har høyrt, å sjå den  
nauda du har sett, og å elska nesten vår som oss sjølve.

## SALME N13 nr 189 «Guds kyrkje, syng kring vide jord»

- 1 *Guds kyrkje, syng kring vide jord:  
Sjå, siger vann vår konge stor.  
Gled dykk ved dette signa ord!  
Halleluja, halleluja, halleluja!*
- 2 *Mot livsens helt, som ris or grav,  
vår lovsong stig som brus av hav:  
Pris han som evig fridom gav!  
Halleluja, halleluja, halleluja!*
- 3 *I jubel hjarto takkar han  
som sleit med velde Satans band  
og vart oss liv i dødens land:  
Halleluja, halleluja, halleluja!*
- 4 *Til samstemt kvad vi strengen slår:  
Deg vere ære, Frelsar vår!  
Mot paradis di heimferd går.  
Halleluja, halleluja, halleluja!*

### VELSIGNING

L | Lat oss prisa Herren.

K |

Velsigninga på sør-samisk og norsk

K |

3x3 klokkeslag

### POSTLUDIUM med prosesjon (*Alle står*)

«Finale, frå Orgelsymfoni nr. 6» – Charles-Marie Widor (1844–1937)  
Blåsearr: Sigurd M. Øgaard

Etter prosesjonen: *Alle vert sitjande til klarsignal vert gjeve!*

T: 1531 Michael Weisse, Cyril A. Alington  
O: 1960 Alfred Hauge  
M: 1609 Melchior Vulpius  
© O: Møyfrid Hauge

Preses **Olav Fykse Tveit** vigslar Ragnhild Jepsen til ny biskop i Bjørgvin bispedøme

### Medverkande

Biskop i Møre **Ingeborg Midttømme**  
Biskop i Tunsberg **Jan Otto Myrseth**  
Biskop **Paneeraq Siegstad Munk**, Den danske folkekyrkja  
Biskop **Jari Jolkonen**, Den lutherske kyrkja i Finland  
Biskop **Gisli Gunnarsson**, Den lutherske kyrkja på Island  
Biskop **Christopher Chessun**, Church of England  
Biskop emerita **Tuulikki Koivunen Bylund**, Den svenske kyrkja  
Tilsynsprest **Knut Refsdal**, Metodistkyrkja  
Generalsekretær i Norges Kristne Råd, **Erhard Hermansen**  
Generalsekretær i Sjømannskyrkja **Jeffrey Huseby**  
Pastor **Milaidis Herrera Hechavarria**, Iglesia Evangélica Unida, Cuba  
Biskop emeritus **Munib Younan**, Den evangelisk-lutherske kyrkja i Jordan og Det heilage land

Kyrkjerådsleiar **Kristin Gunleiksrud Raauum**  
Bispedømerådsleiar **Vemund Atle Øiestad**  
Menighetsrådsleiar **Christian Nesset**, Bergen domkirke menighet  
Leiar i Samisk kyrkjeråd **Sara Ellen Anne Eira**  
Leiar av Bjørgvin ungdomsråd **Elise Skjærven Aas**  
Domprost emerita **Berit M. Andersen**  
Domprost **Gudmund Waaler**  
Sokneprest **Hans Jørgen Morvik**  
Domkirkeprest **May Bente Stuart Matre**  
Diakon **Eli Skimmeland**  
Kateket **Beate Nes**  
Prostane i bispedømet

**Bergen Domkor** – dirigent, domkantor **Kjetil Almenning**  
**Bergen Domkirkes Jentekor** – dirigent **Eirin Beate Åserud-Løvlid**  
Domkantor **Sigurd Melvær Øgaard**  
**John Behncke** og **Britt Pernille Lindvik**, trompet  
**Grethe Tonheim** og **Viggo Vea**, trombone

Motetten «Sunniva kongsdotter» er tinga og finansiert av Bjørgvin bispedømeråd, med bidrag frå Bergens Riksmålsforening.



Bergens Riksmålsforening



DEN NORSKE KYRKJA  
Bjørgvin bispedøme